

FORELDREINFO MAI 2022

Veldig kjekt å få feira ein vanleg 17.mai att! Det var flott å sjå og høyra elevane i toget, ekstra kjekt at så mange frå ungdomsskulen ville delta – det må vera ny rekord!

Flott innsats frå konfransierar frå 10.trinn, talarar frå 7.trinn, fanebærar frå FAU, duskebærarar frå 3.trinn og stafettlaget som tok pokalen heim til Vikeså.

Stor takk til føresette på 5. og 6.trinn som organiserte leiker, premier og matsal. Godt jobba!



Info frå Dalane Friluftsråd

I juli vil vi også i år ha pop-up vann aktivitetsdager

Her dukker vi opp med utstyr og aktivitet ulike plasser i Dalane.

Her kan du prøve kano, kajakk, packraft og Sup brett.

Hvor og når dette blir vil bli det bli informert om på våre nett- instagram og facebook sider



Den 12.mai fekk 1.-4.trinn vera med på opninga av Kaurebu - dagsturhytta i Holmen. Det vart ein flott tur, med elevar som er glade i å gå. Fleire hadde vore same turen tidlegare.

Ungane song, fekk frukt og kakao og høyrte på talane for dagen. Me fekk tid til mykje frileik i fin natur før me gjekk heim att. Gild dag for store og små!



Me gratulerer Vilde Refsland med fin finaleplass i teiknekonkurransen til Berentsens. 7.klasse har blitt lova brus med denne etiketten (sjå over) på boksen som premie.

Skuleåret går mot avrunding, siste skuledag er 16.juni. Avslutningsfesten for 10.trinn er 15.juni. Invitasjon er sendt på Visma-melding.

Me nyttar anledninga til å takka lokale bedrifter for godt samarbeid mtp. arbeidsveke, utplassering, gevisntar og støtte – me får som regel alltid ja når me spør, det er utruleg bra!

Ønsker dykk fine junidagar fram mot sommarferien!

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

